



Konfirmantane med kvar si rose samla til fotografering før sjølve sermonien tok til. Namna finn du i artikkelen frå 4. mai.

**Sokneprest Lina Håland helsa konfirmantane i Uskedalen med teksten To make you feel my love i norsk omsetjing av Bjarte Hjelmeland. Konfirmantane med alle sine gjester og frammøtte i kyrkja sette pris på framføringa. Det same må vi sei då presten las truvedkejnninga på hebraisk. Dagens tekst er henta frå Johannes kap 6, Peters vedkjenning. Det handlar om å ta eit val i livet og styra etter den stjerna som fører fram til målet.**

Etter konfirmantbøna fekk kvar einskild ei rose i helsing frå Uskedal sokneråd. Før det har alle fått i gåve jubileumsboka Høyr kor kyrkjeklokka kallar. I presten sin tale til konfirmantane vart det understreka at som 15 åring står alle på grensa til bli vaksne. Det kan vera ei vanskeleg tid og ein står overfor mange val. Då er det viktig å vita at ein ikkje er åleine med tankane sine, men lever i eit kristen fellesskap med kyrkja som ei av mange livsens stjerner.



Ei fullsett kyrkje markerte konfirmantane på den store dagen.

Kantor Eva Megyesi spela Fireworks av G. F. Hädel til inngang og utgang. I vakkert ver ute på kyrkjebakken gjekk praten godt og det var mange som skulle helsa på konfirmantane og foreldra.

Nokre av gjestene var langvegsfarande. Uskedalen.no helsa på Dick frå Bremerhaven, som saman med andre gjester frå Tyskland, kom for å feira konfirmanten Nils Rainer frå Vågen på Skorpo.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



I vakkert ver står alle konfirmante saman med soknepresten, Lina Håland, ute på kyrkjebakken.